



SOGNDAL KOMMUNE

Bli med på laget

STRATEGI FOR SAMHANDLING MED FRIVILLIG SEKTOR



Det skal vere enkelt å vere frivillig . det skal vere enkelt å bruke frivillige

Vedteke av kommunestyret den 13.12.12

INNHOLD	Side
1. Visjon og verdiar	2
2. Overordna mål for kommunen sitt samarbeid med frivillig sektor	2
3. Tiltak <ul style="list-style-type: none"> 3.1. Frivillig arbeid i kommunale tenester 3.2. Kommunal støtte til frivillige organisasjoner 3.3. Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjoner og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet 3.4. Medverknad frå frivillige organisasjoner i kommunale avgjerdss prosessar 3.5. Koordinering og kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane 3.6. Rekruttering 	3 3 4 4 4 5
4. Prinsipp for samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor	5
5. Bakgrunn for arbeidet	6
6. Kommunen sitt arbeid med strategien	6
7. Nasjonale føringar	8
8. Status og utfordringar for frivillig arbeid i kommunen <ul style="list-style-type: none"> 8.1. Frivilligsentralen 8.2. Frivillig arbeid i kommunale tenester 8.3. Kommunal støtte til frivillige organisasjoner 8.4. Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjoner og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet 8.5. Medverknad frå frivillige organisasjoner i kommunale avgjerdss prosessar 8.6. Koordinering og kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane 8.7. Rekruttering 	8 8 9 11 12 13 14 14
9. Gjennomføring	15

1. Visjon og verdiar

Det er gjennom ei årrekke utvikla ein Sogndalsmodell som legg ramme for kommunen som samfunn og som organisasjon. Den seier noko om visjonen . kva vi vil. Den seier noko om grunnleggjande verdiar og strategiar for å søkje å nå visjonen.

Kommunen sin visjon er **fleire innbyggjarar og auka trivsel i Sogndal.**

Vi ønskjer å byggje vidare på verdien «**gjennom samarbeid får vi ting til**». Dette ønskjer vi å kommunisere gjennom kortforma **bli med på laget!**

Vi har tru på at vi får ting til gjennom samarbeid. Vi har mange gode døme på slike tiltak, og ønskjer å halde fram samarbeidet med og mellom ulike aktørar. Samarbeid gjev eit eigarskap til bygda og ein stoltheit av det vi får til. Vi ønskjer at Sogndal skal vere ei bygd der innbyggjarane er opptekne av å samarbeide for å skape utvikling og framgang både for enkeltmenneske, organisasjonar og verksemder.

Det gode liv i eit lokalsamfunn vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane. Det er viktig at dette mangfaldet vert oppretthalde og at vi kan utvikle nye former for samhandling mellom offentleg og privat sektor.

2. Overordna mål for kommunen sitt samarbeid med frivillig sektor

Kommunen sin strategi for samarbeid med frivillig sektor tek utgangspunkt i at frivillig innsats skal bidra til å

- leggje til rette for sosial integrasjon
- styrke tilknyting til lokalmiljøet
- vedlikehalde og utvikle demokratiet.

Langsiktige **mål** for dette arbeidet er nedfelt i følgjande punkt:

- **Frivillig arbeid i kommunale tenester** skal bidra til å
 - etablere sosiale nettverk for utsette grupper
 - førebyggje sjukdom, einsemd og sosiale problem
 - skape trivsel og tryggleik.
- **Kommunal støtte til frivillige organisasjonar** skal bidra til å
 - førebyggje samfunns- og ungdomsproblem
 - inkludere minoritetar og styrke fellesskapet
 - styrke medansvar, solidaritet og samfunnsansvar gjennom deltaking i det frivillige organisasjonslivet.

- **Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet** skal bidra til å
 - skape levande og varierte nærmiljø
 - ta vare på det kulturelle mangfaldet.

- **Medverknad frå frivillige organisasjonar i kommunale avgjerdssprosesser** skal bidra til å
 - gje best mogleg grunnlag for kommunale planar og avgjelder
 - stimulere til lokalpolitisk engasjement og demokratiske avgjerdssprosesser
 - leggje til rette for integrering av minoritetar i bumiljø, sosiale nettverk, frivillige organisasjonar og fritidsaktivitetar.

Velferdssamfunnet står overfor nye utfordringar. Haldningar og verdiar knytt til samfunnsansvar og frivillig arbeid er i endring. Med utgangspunkt i gode levekår, engasjerte innbyggjarar, eit mangfaldig og aktivt organisasjonsliv og ein tradisjon for samarbeid har Sogndal kommune dei beste føresetnadene for å nå desse måla.

3. Tiltak

Sogndal kommune vil sette i gang følgjande tiltak innafor desse områda:

3.1. Frivillig arbeid i kommunale tenester

1. Vidareføre og kvalitetssikre det samarbeidet som er i dag.
2. Kartleggje behov og vurdere nye tiltak i samråd med Frivilligsentralen.
3. Utarbeide framlegg til standardavtalar for slikt samarbeid.

Dette punktet er nærare drøfta på side 9.

Det er ein føresetnad at frivillige ikkje skal fortrengje kommunalt tilsette.

3.2. Kommunal støtte til frivillige organisasjonar

1. Oppretthalde hovudlinene i noverande politikk/praksis.
2. Gå gjennom dei kommunale retningslinene til lag og organisasjonar.
3. Gå gjennom praksis for utleige/utlån av kommunale øvingslokale til frivillige organisasjonar.
4. Leggje til rette for å nytte dei frivillige organisasjonane i kommunen sitt folkehelsearbeid.
5. Sikre god dialog mellom kommunen og organisasjonane gjennom samarbeid med dei ulike råda og nytte eksisterande møteplassar.

Dette punktet er nærare drøfta på side 11.

3.3. Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet

1. Oppretthalde hovudlinene i noverande politikk/praksis.
2. Vidareføre samarbeidet med Redd Barna om oppfølging av barn i innvandrarfamiliar.
3. Vidareføre ordninga med «flyktningven» i regi av Frivilligsentralen.
4. Leggje til rette for at FAU kan ta eit ansvar for å skaffe «skulefadderfamiliar».
5. Kartleggje behov og eventuelt få til ei ordning med utlån av utstyr.
6. Kartleggje behov og vurdere etablering av ein småjobbsentral.

Dette punktet er nærmere drøfta på side 12.

3.4. Medverknad frå frivillige organisasjonar i kommunale avgjerdsprosessar

1. Oppretthalde og vidareføre samarbeidet med eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet.
2. Opprette eit dialogforum med representantar frå innvandrargrupper i kommunen og politisk og administrativt nivå.
3. Frivillige organisasjonar medverkar ved utarbeiding av kommunale planar og andre overordna avgjerder som er viktige for organisasjonane sitt formål/målgruppe eller rammevilkår.
4. Leggje til rette for folkemøte og høyringar i samband med større planprosesser i kommunen, og syte for god og lett tilgjengeleg informasjon på kommunen si nettside.

Dette punktet er drøfta nærmere på side 13.

Dialog og medverknad mellom det enkelte tenesteområde og deira brukarar/elevar og pårørande/foreldre fell inn under kommunen sin politikk for brukarmedverknad og er ikkje ein del av frivilligstrategien.

3.5. Koordinering og kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane

1. Samarbeide med frivillig sektor om utvikling av kommunen si nettside for gjensidig informasjon og dialog.
2. Gjennomføre eit årleg møte med frivillige (organisasjonar og enkeltpersonar) i regi av Frivilligsentralen.
3. Utvikle Frivilligsentralen til å verte ein koordinator og kunnskaps/informasjonsbase for frivillig arbeid.

Dette punktet er drøfta nærmere på side 14.

3.6. Rekruttering

1. Lage ein rekrutteringsstrategi i samarbeid med Frivilligsentralen.
2. Utfordre næringslivet og eigen organisasjon til å leggje til rette for at tilsette skal kunne utføre frivillig arbeid.

Dette punktet er drøfta nærmere på side 14.

4. Prinsipp for samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor.

Kommunen legg til grunn at det praktiske samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor (organisasjonar, enkeltmenneske og næringsliv som ønskjer å utføre frivillig arbeid) vert styrt av følgjande overordna prinsipp:

- **Ansvar for velferdstilboda**

Det er kommunen som overfor brukarane og innbyggjarane har ansvar for dei kommunale velferdstilboda både når det gjeld type, omfang, kvalitet og pris. Samarbeid med frivillig sektor betyr ikkje overføring av ansvar.

- **Tilhøvet mellom frivillig arbeid og fagkompetanse**

Frivillig arbeid er ein ressurs for tenesteytinga. Frivillige tilbyr ein unik kompetanse . særleg i mellommenneskelege tilhøve/nettverksrelasjonar.

- **Arbeidsplassar**

Frivillig arbeid er eit tilskot til verksemda. Frivillig arbeid skal ikkje fortrengje kommunalt tilsette.

- **Ulikskap, likeverd og respekt**

Kommunen og dei frivillige har ulike kulturar, organisering, arbeidsformer, kapasitet og tradisjonar. Samarbeidet må utformast med respekt for kvarandre sin eigenart og føresetningar. Begge partar i samarbeidet er likeverdige. Vi må ha ulike samarbeidsmodellar tilpassa ulike føresetnader (ulike organisasjonstypar, enkeltmenneske og næringsliv)

- **Myndige borgarar**

Frivillig arbeid gir innbyggjarar som føler at dei har noko å bidra med, høve til å ta ansvar og gjere ein innsats for nærmiljø og medmenneske. Nettverk og «nabokjerringar som bryr seg» er viktige for eiga mestring, nettverksbygging og personleg vekst . både hjå dei som gir og dei som får.

- **Ulike mål**

Organisasjonane og kommunen har nokre felles mål og nokre eigne mål. Samarbeidet må utformast slik at ingen av partane si måloppnåing vert hindra.

5. Bakgrunn for arbeidet

Eit av resultatmåla i økonomiplanen er at vi i 2012 skal utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor.

Dette er omtala i økonomiplanen slik:

«Det gode liv» i eit lokalsamfunn vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane, og vi har mange gode døme på slike samarbeid i kommunen. Det er viktig at dette mangfaldet vert oppretthalde og at vi kan utvikle nye former for samhandling mellom offentleg og privat sektor. For å sikre gode prosessar og heilskapstenking kan det vere tenleg å utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor, jf. også kommuneplanen sin samfunnsdel. I dette arbeidet vil også Frivilligsentralen ha ei viktig rolle.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er frivillig sektor omtala slik i kapittelet «Gode bу- og oppvekstvilkår:

Delmål: Vi skal leggje til rette for gjensidig forståing og kommunikasjon mellom kommunen og frivillig sektor.

Strategi:

- Utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor - med vekt på
 - rammevilkår og partnarskapsavtalar
 - å ta vare på kulturelt mangfold
 - integrering av minoritetsgrupper og styrking av fellesskapet
 - å leggje til rette for møteplassar og uorganisert aktivitet og kulturutveksling
 - utvikle «Lokalsamfunn med MOT» konseptet.
- Vidareutvikle Frivilligsentralen som ein sentral møteplass for frivillig arbeid i kommunen.

Vi har ein kultur for samarbeid i kommunen, der vi ønskjer at Sogndal skal vere ei bygd der innbyggjarane er opptekne av å samarbeide for å skape utvikling og framgang både for enkeltmenneske, organisasjonar og verksemder. Men arbeidet er lite systematisert, det er ein del uavklara tilhøve, og vi manglar ein overordna strategi.

6. Kommunen sitt arbeid med strategien

Strategien har vore utarbeidd av ein politisk sakskomite oppnemnd av formannskapet. Sakskomiteen har hatt som mandat å utarbeide ein strategi for samhandling med frivillig sektor med utgangspunkt i nasjonale og kommunale føringer.

Strategien skal mellom anna omhandle:

- Status . kva har vi i dag
- Organisasjonane si rolle og rammevilkår

- Identifisere behov og finne løysingar
- Retningsliner for samhandling . formelle tilhøve
- Involvering og forankring.

I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det i kapittelet +Gode bu- og oppvekstvilkår+. der frivillig sektor er omtala, peika på at ein frivilligstrategi mellom anna må ta vare på kulturelt mangfald og legge til rette for integrering av minoritetsgrupper og styrking av fellesskapet. Kommunen vedtok i 2011 ein eigen strategi for busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningar. Relevante tiltak frå flyktningstrategien er teke med i frivilligstrategien.

Kommunane har eit breitt ansvar for folkehelse, og kommunen er den viktigaste arenaen for folkehelsearbeid. I følgje kommuneplanen skal folkehelse vere eit satsingsområde i kommunen, og vi skal vere ein av dei fremste kommunane i landet på fysisk aktivitet og folkehelse. Det vert vidare peika på at folkehelse må vere eit tverrgåande tema i kommunal planlegging. Òg frivillig sektor har ei rolle i kommunen sitt arbeid med folkehelse jf. Lov om folkehelse og nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet . sjå side 8. Folkehelse er omtala under samarbeid med frivillige organisasjonar. I tillegg fokuserer fleire av måla på førebygging t.d. å førebyggje sjukdom, einsemd og sosiale problem.

Strategien er delt inn i følgjande tema:

- Frivillig arbeid i kommunale tenester
- Kommunal støtte til frivillige organisasjonar
- Samarbeid mellom kommunane og frivillige organisasjonar og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet
- Medverknad frå frivillige organisasjonar i kommunale avgjerdss prosessar
- Koordinering og kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane
- Rekruttering.

Det er utarbeidd mål og tiltak for dei ulike delområda. I tillegg er det med eit punkt om Frivilligsentralen og gjennomføring av strategien.

Sakskomiteen har hatt møte med/innhenta informasjon frå kommunale tenesteområde og har hatt møte med ungdomsrådet, eldrerådet, Røde Kors, Lions og pensjonistlaget. Leiar for Frivilligsentralen har vore med på dei fleste av møta i sakskomiteen, og framlegg til plan har vore drøfta i eit eige møte med styret for Frivilligsentralen.

Planen har vore lagt ut på høyring, og det er gjennomført høyringsmøte.

7. Nasjonale føringar

Regjeringa har som mål å sikre ein heilskapleg frivilligheitspolitikk gjennom å

- sikre frivilligene si uavhengigkeit og mangfald
- leggje til rette for at alle kan delta i frivillig arbeid
- syte for betre vilkår for frivillig arbeid lokalt
- auke kunnskapen og merksemda om frivillig arbeid si rolle og kva det betyr for samfunnet
- samordne og utvikle den statlege politikken knytt til frivillig arbeid (St.meld. nr. 39).

Regjeringa peikar vidare på at frivillig sektor skal vere ein sjølvstendig sektor i samfunnslivet, og at frivillig sektor er ein grunnpillar i eit demokrati og velferdssamfunn. Det vert òg peika på at løysinga av store velferdsoppgåver skal vere eit offentleg ansvar. Men som ein følgje av det arbeidet dei gjer, løyser frivillige organisasjonar òg viktige samfunnsoppgåver og bidreg slik til å oppfylle samfunnsmål.

I NOU 2011:11 vert det peika på at det vil verte viktig å søkje nye løysingar og samarbeidsmønstre gjennom dialog og tingingar mellom offentleg og frivillig sektor på omsorgsfeltet. Det er i rommet mellom det offentlege og sivilsamfunnet at nye fellesskapsløysingar kan verte utvikla.

KS peikar på at eit godt samarbeid mellom kommunal og frivillig sektor gjev ein vinst for alle partar. KS ønskjer å ta vare på og vidareutvikle ein sjølvstendig frivillig sektor som ein viktig pillar i demokratiet vårt og peikar på behovet for betre samhandling. Det vert presisert at frivillig sektor er ein uavhengig og sjølvstendig samfunnsfaktor, og at samarbeid og samhandling mellom offentleg og frivillig sektor skal vere basert på likeverd, partnarskap og gjensidig respekt for kvarandre sine roller.

Det er Lov om folkehelse som regulerer kommunane sitt ansvar i folkehelsearbeidet. Kommunane har eit breitt ansvar for folkehelse, og kommunen er den viktigaste arenaen for folkehelsearbeid. Folkehelselova og nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet vektlegg at kommunane må stimulere frivillige organisasjonar som legg til rette for lågterskel fysisk aktivitet på lokalplan. Direktoratet har ei tilskotsordning til lokale organisasjonar, der målet er å bidra til kontinuitet og langsiktigkeit, og der frivillig sektor utøver si rolle i samarbeid med kommunen. Kommunane vert oppmoda om å sjå dette arbeidet i samanheng med og eventuelt innarbeide det i kommunale planar- og styringsdokument.

8. Status og utfordringar for frivillig arbeid i kommunen.

8.1. Frivilligsentralen

Frivilligsentralen er eigd av kommunen, men har eige styre, og det er utarbeidd vedtekter for drifta. Frivilligsentralen skal bidra til å styrke det frivillige arbeidet i kommunen, og har i dag om lag 300 frivillige medrekna nattuglene. Kommunen får

statleg tilskot til drifta. Sentralen har ei 100% stilling og har kontor/møtelokale på Fjøra Intro. Her kan frivillige og dei som ønskjer å verte frivillige, kome innom for ein uformell prat og ein kaffikopp. Det same gjeld for lag og organisasjonar som er eller kan verte samarbeidspartar om aktuelle aktivitetar/oppgåver.

Oversyn over Frivilligsentralen si aktivitet

Type aktivitet	Aktivitet
Sekretariatsfunksjon	Eldrerådet, rådet for funksjonshemma, nattuglene.
Tilbod til eldre	Matlevering, enkle tenester i heim/hage, seniordata, utkøyring av sand, bilførarar 65+, serviceskyss.
Tilbod på SOS	Onsdagssamling, bingo, besökstenesta, ut på tur, musikk/underhaldning.
Flyktingar/asylsøkjarar	Flyktingven, bruk av Fjøra Intro, deltaking i frivillig arbeid, språkpraksisplass.
Anna	Samling for frivillige, årleg kontaktmøte for frivillige lag og organisasjonar, utplassering av studentar (HSF).

Det ligg meir informasjon om Frivilligsentralen på kommunen si nettside www.sogndal.kommune.no.

8.2. Frivillig arbeid i kommunale tenester

Frivillig arbeid i kommunale tenester skal bidra til å etablere sosiale nettverk for utsette grupper, førebyggje sjukdom, einsemd og sosiale problem og skape trivsel og tryggleik.

Dette kan vere formelle partnarskapsavtalar mellom kommunen og ein organisasjon/enkeltpersonar eller meir munnlege avtalar/ordningar for å løyse ad hoc oppgåver eller oppgåver av meir permanent karakter. Dette omfattar og samarbeid, der det vert utbetalt godtgjersle til ein organisasjon.

Oversyn over samarbeid mellom kommunale tenesteområde og frivillige

Kommunalt tenesteområde	Aktivitet/samarbeidspart	Type avtale
Tenesteeining barn/unge . ungdomsavdelinga	Om lag 20 samarbeidspartar i ungdomsbasen med uteaktivitetar, leksehjelp, danses- og musikkverkstad.	Skriftlege partnarskaps-avtalar med ulike organisasjonar. Ungdom er instruktørar i danse- og musikkverkstaden.
Sogndal omsorgssenter	Turar, song/musikk, andakt, bingo, aktivitet på dei ulike bueiningane, fotpleie, trivselshagen, utlån av kunst, treningsstilbod, mimregruppe. Utkøyring av mat.	Samarbeidspartar er Frivilligsentralen, ulike organisasjonar og eldrerådet. Ingen av avtalene er skriftlege, og det vert ikkje utbetalt godtgjersle, men unnatak av køyregodtgjersle i samband med utkøyring av mat.

Skulane	Samarbeider om organisasjonane sin bruk av skulen sine lokale, uteområde (dugnad) og utstyr. Trudvang skule samarbeider med grendalaget om bruk av felles uteområde	Skriftleg avtale om bruk og drift av uteområdet på Kvåle . elles ingen skriftlege avtalar. Skriftleg samarbeidsavtale
Kommunalteknikk	- Opprydding, bosrydding og snømåking ulike stader i kommunen . særleg knytt til friområde. Parkeringsvakt i Hodlekve (skigruppa) og drift av friområdet på Kvåle (Sogndal Fotball).	Samarbeidspartar er organisasjonar og enkelt-personar/grunneigarar. Med unnatak av drift av friområdet på Kvåle er det ingen skriftlege avtalar. Med unnatak av rydding vert det utbetalt godtgjersle. SIL får parkeringsinntektene i Hodlekve.

Kommunen si ungdomsavdeling har ansvar for danse- og musikkverkstad og ungdomsbasen. Ungdomsbasen er eit lågterskeltilbod med vekt på aktivitet. Dei har òg eit tilbod om leksehjelp lokalisert til Kvåle skule. Ungdom er sjølv instruktørar i danse- og musikkverkstaden. For dei andre aktivitetane vert det utbetalt godtgjersle. Meir informasjon om ungdomsbasen ligg på ungdomsrådet si nettside . sjå snarveg frå kommunen sitt nettside www.sogndal.kommune.no.

Kommunen har relativt stor aktivitet på området frivillig arbeid i kommunale tenester . ein aktivitet som vert oppfatta som eit godt supplement til dei kommunale tenestene.

Utfordringa er at frivillig innsats er mindre robust over tid, og organisasjonane og Frivilligsentralen er avhengig av å rekruttere nok frivillige. Munnlege avtalar kan og gjere denne innsatsen meir sårbar. Det kan difor vere aktuelt å utarbeide mal for ein standardavtale. Einsemd vert av mange oppfatta som eit veksande problem . det gjeld både eldre og unge. Vi har ei stor gruppe ungdom som bur på hybel i kommunen, og vi har ei veksande gruppe innvandrarar. Det vil difor vere behov for å sjå på nye målgrupper og rekruttere fleire frivillige.

Tiltak går fram av punkt 3.1 (side 3).

8.3. Kommunal støtte til frivillige organisasjoner

Kommunal støtte til frivillige organisasjoner skal bidra til å førebygge samfunns- og ungdomsproblem, inkludere minoritetar og styrke fellesskapet, og styrke medansvar, solidaritet og samfunnsansvar gjennom deltaking i det frivillige organisasjonslivet.

Kommunen har ei lang rekke frivillige organisasjoner som samla gjev eit godt og variert tilbod til innbyggjarane. Kommunen yter driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonane (kulturmidlane). Barne- og ungdomsorganisasjonane kan og nyte kommunale lokale gratis, Kommunen yter driftstilskot til dei organisasjonane som eig og driftar idrettsanlegg. Idrettsorganisasjonar som nyttar kommunale lokale, skal ha skrive under på anti-dopingavtale (ruspolitisk handlingsplan 2012-2016).

Dei fleste lag og organisasjoner har eit klart definert mål med verksemda si og er ofte eit lokallag av ein landsomfattande organisasjon. Tilskot til desse organisasjonane bør vere mest mogleg frie midlar som organisasjonane kan nytte i tråd med eigne prioriteringar. Dette gjeld kan hende dei fleste barne- og ungdomsorganisasjonane.

Vi har oversyn over alle lag og organisasjoner på nettsida til kommunen, og organisasjonane kan sjølv leggje inn arrangementa sina på aktivitetskalenderen på nettsida. Idrettsrådet og musikkrådet samordnar til ein viss grad interesser og aktivitet for desse organisasjonane. Ungdomsorganisasjonane har ikkje noko slikt råd, men kommunen inviterer kvart år ungdomsorganisasjonane og skulane til eit møte for å drøfte felles utfordringar (del av politirådet si verksemd).

Frivillige organisasjoner i kommunen kan delast inn i desse kategoriane:

Kategori	Døme på organisasjoner
Idrett og friluftsliv (barn og vaksne)	Idrettslag, fotball, turlag, riding, skyttarlag, motorsport, styrkeløft, sykling, paragliding, dykking orientering, symjing, jakt og fiske.
Musikk (barn og vaksne)	Korps, kor, ballett, bandgrupper, kammermusikk, bluesklubb, jazzklubb, storband, trekkspel, spel- og dansarlag, musikkteater.
Ungdomsorganisasjoner utanom idrett og musikk	Speidargrupper, 4H, ungdomslag, søndagsskule, barnemisjon.
Vaksenorganisasjoner utanom idrett og musikk	Rotary, fråhaldslag, hundeklubb, hagelag, mållag, sogelag, teaterforum, kunstlag, husflidslag, kystlag, bridgeklubb, pensjonistlag, frimerkeklubb, senioruniversitet,

	naturvernforbund.
Velforeiningar/leikeplassnemnder	I dei fleste grender i kommunen
Organisasjonar som tyter tenester+	Røde Kors, Lions, helselag, familie- og kvinnelag.
Studentorganisasjonar	Ei lang rekke tilbod først og fremst til høgskuleelevarane . som idrett, musikk og internasjonalt arbeid.

Lista er ikkje utfyllande. Oppdatert oversyn ligg på kommunen si nettside www.sogndal.kommune.no.

Dei frivillige organisasjonane er viktige for at kommunen samla sett skal ha eit godt kultur- og fritidstilbod, og er eit viktig verkemiddel for å ta godt i mot og integrere dei som flyttar til kommunen fast eller mellombels.

Sjølv om dei fleste frivillige organisasjonane har eit klart definert mål med verksemda si, ser vi at mange av dei òg tek eit meir omfattande samfunnsansvar. Dette må vi kunne bygge vidare på i dialog med organisasjonane. Det er viktig å sikre god dialog mellom kommunen og dei ulike «råda». Frivillige organisasjonar vil òg kunne vere viktige samarbeidspartar i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Dei kommunale retningslinene for tildeling av kulturmidlar og bruk av kommunale lokale bør evaluerast/reviderast med jamne mellomrom for å sikre at dei fremjar overordna mål.

Tiltak går fram av punkt 3.2 (side 3).

8.4. Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet

Samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar og enkeltpersonar om tiltak i lokalsamfunnet skal bidra til å skape levande og varierte nærmiljø og ta vare på det kulturelle mangfaldet.

Dette punktet omhandlar konkrete samarbeidstiltak mellom kommunen og organisasjonar og enkeltpersonar. Nokre tiltak lista opp under punkt 8.2, kunne òg ha vore med her. Andre døme er ulike utbyggingstiltak spesielt innanfor idrett og friluftsliv . område der kommunen og frivillig sektor «går i lag» for å finne løysingar.

I den kommunale flyktingstrategien er det eit avsnitt som omhandlar kultur og mobilisering av lokalsamfunnet. Ein del av tiltaka frå flyktingstrategien er òg lagt inn i frivilligstrategien. I denne samanhengen er det viktig å presisere at flyktingane og andre innvandrarar utgjer ein ressurs og bidreg til eit positivt kulturelt mangfald.

Mange barnefamiliar og ungdomar tykkjer at utstyr til idretts- og friluftsaktivitetar er dyrt. Andre kommunar har hatt gode erfaringar med ei ordning med utlån av utstyr.

Mange eldre har behov for enkle tenester som snørydding og hagearbeid . tenester som dei gjerne vil betale for. Frivilligsentralen har ikkje høve til å ta betaling for tenestene dei formidlar. I nokre kommunar er det oppretta ein småjobbsentral som yter slike tenester mot betaling.

Tiltak går fram av punkt 3.3 (side 4).

8.5. Medverknad frå frivillige organisasjonar i kommunale avgjerdssprosesser.

Medverknad frå frivillige organisasjonar i avgjerdssprosesser skal bidra til å gje best mogleg grunnlag for kommunale planar og avgjelder, stimulere til lokalpolitisk engasjement og demokratiske avgjerdssprosesser, leggje til rette for integrering av minoritetar i buminilø, sosiale nettverk, frivillige organisasjonar og fritidsaktivitertar.

Kommunen sitt slagord er ~~+Bli med på laget+~~. Vi har som mål å bidra til eit inkluderande samfunn som sikrar alle like moglegeheter til å delta. Dialog og samhandling mellom lokale styresmakter og innbyggjarane er ein føresetnad for å utvikle eit godt og inkluderande lokalsamfunn og eit tenesteapparat som møter dei behova innbyggjarane har. Eit velfungerande demokrati føreset at alle grupper i samfunnet deltek i avgjerdssprosesser på ulike nivå. Innspel frå frivillige organisasjonar, næringslivet og andre offentlege styresmakter er òg av vesentleg betyding for kommunale avgjelder . både når det gjeld kvaliteten på innhaldet og moglegeheitene til å realisere måla. Medverknad, høyring og/eller offentleg utlegging er i nokre høve lovpålagt.

Kommunen har eldreråd, råd for funksjonshemma og ungdomsråd. Dette er til dels lovpålagde råd. Råda er viktige samarbeidspartar i saker som gjeld deira målgrupper. Det er utarbeid retningsliner for samansetjing og arbeidsoppgåver . sjå kommunen si nettside www.sogndal.kommune.no.

Innvandrarar er relativt lite representert i politiske avgjerdssprosesser i Noreg. Det er difor viktig at deira røyst vert høyrt gjennom andre supplerande lågterskel ordningar som lokale møteplassar.

Eit dialogforum skal bidra til å

- gje innvandrarane høve til medverknad
- sikre politisk og administrativt nivå kunnskap om innvandrargruppene i kommunen
- sikre kunnskap for å utforme målretta kommunale tenester
- skapa auka forståing og førebygge konfliktar

- fungere som eit bindeledd mellom innvandrarar og lokale styresmakter.

Dialogforum er òg omtala i flyktingstrategien.

Tiltak går fram av punkt 3.4 (side 4).

8.6. Koordinering og kommunikasjon mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane

Eit vellukka samarbeid føreset gjensidig respekt på tvers av ulike organisasjonskulturar, tradisjonar og formelle rammeverk. For å få dette til er det viktig med god dialog og møteplassar. Frivilligsentralen vil spele ei viktig rolle i dette arbeidet, og det årlege møtet med frivillige må utviklast til å verte ein reell møteplass for frivillig arbeid. I tillegg bør kommunen si nettside kunne verte ein arena for gjensidig informasjon og dialog. Det er viktig å synleggjere alt det frivillige arbeidet som vert gjort i kommunen.

Tiltak går fram av punkt 3.5 (side)

8.7. Rekruttering

Både organisasjonane og Frivilligsentralen treng fleire frivillige, og vi som lokalsamfunn har eit behov for å få fleire til å ta eit samfunnsansvar gjennom frivillig arbeid. Rekrutteringsarbeid kan vere utfordrande, men gjennom arbeidet med strategien har vi sett at interessa for frivillig arbeid/innsats er der, både hjå ungdom, studentar, +unge+eldre og i organisasjonane. Rekrutteringsarbeidet kan verte meir målretta t.d. gjennom å utarbeide ein rekrutteringsstrategi. Samarbeidspartar i eit slikt arbeid kan vere ungdomsrådet, studentorganisasjonane/skulane, eldrerådet/pensjonistlaget og skulane sine foreldreutval.

Både nasjonalt og internasjonalt vert det fokusert på +næringslivet sitt samfunnsansvar+, som mellom anna inneberer at private verksemder tek eit medansvar for vedlikehald og utvikling av velferdssamfunnet . t.d. gjennom å leggje til rette for at tilsette skal kunne utføre frivillig arbeid. Det kan vere interessant å prøve ut ulike modellar for dette.

Målgrupper for tiltak for rekruttering vil kunne vere

- engasjerte enkeltmenneske (uorganiserte)
- medlemar av organisasjonar
- leiarar og tilsette i private verksemder og offentleg sektor
- tilsette og elevar i grunn- og vidaregåande skule og deira føresette
- studentar.

Tiltak går fram av punkt 3.6 (side 4).

9. Gjennomføring

Strategien omfattar mål for kommunen sitt samarbeid med frivillig sektor og peikar på utfordringar og moglegheiter. Det er nokre konkrete tiltak mellom anna henta frå kommunen sin flyktingstrategi. Andre tiltak er meir utviklingsretta . der vi seier at vi skal +kartleggje og vurdere+. Det vil difor vere behov for å konkretisere planen mellom anna i samarbeid med dei eksterne samarbeidspartane. Det er lagt inn eit resultatmål om konkretisering og implementering i framlegg til økonomiplan 2013 . 2016.

Frivilligsentralen vil ha ei sentral rolle i gjennomføringa av strategien og skal vere koordinator og ein kunnskapsbase/informasjonsbase for frivillig arbeid.

Frivilligsentralen vil ikkje ha ressursar til å vere den som skal gjennomføre alle tiltaka åleine, men vil ha eit ansvar for å sette i gang prosessar.

Dei fleste tiltaka i strategien vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med økonomiplanarbeidet kvart år.



Nattuglene på blåtur